
Saksnr: 2020/75627-1
Saksbehandlar Ingebjørg Erikstad/
Elizabeth Jan Warren
Dato: 30.10.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektøren

Gjennomgang av tilskotsmottakarar på driftsbudsjettet sektorbudsjettet for kultur, idrett og inkludering

Fylkesdirektøren viser til PS-142/20 av 15.10.2020. Der vart det fatta følgjande vedtak:

Vedtak

Fylkesdirektør leggjer fram sak til utvalet kor det kjem fram kven som får driftstilskot under sektorbudsjett kultur, idrett og inkludering.

Utvalet ber fylkesdirektøren å få fram følgjande om tilskotsmottakarane:

- Sum på tilskot frå Vestland fylkeskommune.
- Eventuell fordelingsnøkkel (med summer) mellom kommune, fylke og stat.
- Eventuelt formål med driftstilskotet.
- Administrasjonen si vurdering av verknaden av tilskotet.
- Eventuell annan relevant informasjon. Formålet med gjennomgangen er å få ei oversikt over tilskotsmottakarane som informasjon for vidare arbeid i utvalet.

Vedlagt følgjer oversikt over tilskotsmottakarar som er lagt inn med forslag til *driftstilskot* i budsjettforslaget for 2021. Søkbare fylkeskommunale ordningar, og forventa tilskot frå staten (t.d. spelemidlar til idrettsanlegg og kulturarv) er synleggjort i oversikten.

For fullstendig oversikt over *alle* søkjarane til driftstilskot, viser vi til RS-sak 73/2020 i KULII-møte 04.06.2020:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registryEntryId=91708&documentId=173662>

Samla kom det inn 188 søknader til søknadsfristen. Av desse var 38 nye. Ein del søknader vil vere av lokal karakter, og såleis ikkje aktuelle for fylkeskommunalt tilskot. I tillegg vil disponibel ramme også medføre at ein del søknader ikkje vert prioritert.

Dokumentet «*Innretning og retningslinjer for tilskot til drift for kunst, kultur og idrett*» i Vestland fylkeskommune ligg på våre heimesider:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kunst--og-kulturutvikling/innretning-og-retningsliner-for-tilskot-til-drift-for-kunst-kultur-og-idrett.pdf>

Dette dokumentet gir føringar for dei forslaga som ligg i budsjettet.

Forslag til fylkesbudsjett for 2021 vert også lagt fram på møtet. Her er forslag til tilskot er og grunngjevingar for forslaga synleggjort. Fylkesdirektøren har difor i dette notatet konsentrert seg om følgjande summariske tilbakemelding på spørsmåla i vedtaket i PS-sak 142/20:

| | |
|--|---|
| Sum frå Vestland fylkeskommune | Går fram av vedlegg/budsjettforslag |
| Eventuell fordelingsnøklar mellom kommune -fylke - stat: | <p>Regjeringa har i forslag til statsbudsjett 2021 foreslått å gå bort frå faste fordelingsnøklar for institusjonar som mottok støtte frå både stat, fylkeskommune og kommunar (gjeld fem scenekunstinstitusjonar i Vestland fylke som har hatt ein statleg del på 60-70%, medan fordelinga mellom fylkeskommunen og kommunane har variert). I vårt forslag er det ikkje teke omsyn til tidlegare fordelingsnøklar.</p> <p>Vi har synleggjort fordelinga innan museum då det her er store skilnader i korleis staten følgjer opp med løyving til det enkelte museum i vårt fylke (i hovudsak 2020-tal, nokre 2019-tal) og på dei fem scenekunstinstitusjonane som har vore omfatta av fast fordelingsnøkkel (Stortinget sitt såkalla romertalsvedtak).</p> <p>Mange av dei som står på mottakarlista over driftstilskot i fylkeskommunen sitt budsjett, søker og får innvilga tilskot frå både stat, kommune og andre, utan noko fast avtale.</p> <p>Vestkystparken (friluftsliv) har ei finansiering med 50% stat og 50% fylkeskommune/kommunar (via friluftsråda).</p> |
| Eventuelt føremål med driftstilskotet | <p>Fylkeskommunane har først og fremst eit regionalt kulturpolitisk ansvar. Tilskot til drift utgjer fylkeskommunen sitt viktigaste, og samla sett tyngste, bidrag til finansieringa av kulturlivet i fylket. Kvar tildeling har si forankring i dei fylkespolitiske måla på kulturområdet. Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heilskap og knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar, til dømes slik det går frå av føremålet til verksemda. Tilskotet har eit langsiktig, strategisk preg, og går som hovudregel til varige føremål. I dette ligg implisitt at verksemda er viktig for kulturlivet i regionen, noko som inneber at fylkeskommunen - ut frå vedtekne kulturpolitiske mål - bør medverke økonomisk til drifta.</p> <p>Når det gjeld regional kulturverdi ser fylkeskommunen det ut frå to typer kriterium - geografi og funksjon, jf «<i>Innretning og retningslinjer for tilskot til drift for kunst, kultur og idrett</i>»:</p> <p>1. Geografi: geografisk nedslagsfelt og verkeområde. Her er spørsmålet om den aktuelle verksemda omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn ein kommune. Eit døme kan vere tilskot til turneringar eller oppsettingar som vert gjennomført fleire stader i fylket. Fylkeskommunalt driftstilskot til frivillige organisasjonar/amatørkultur vil først og fremst rette seg mot fylkesfemnande organisasjonar/fylkesledd ut frå dette geografiske kriteriet.</p> <p>2. Funksjon: regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg. Dette tek utgangspunkt i innhaldet i verksemda/tiltaket og kva verdi dette har lokalt, regionalt og i nokre tilfelle nasjonalt og internasjonalt. For større sentrale institusjonar følgjer det av verksemda sitt omfang, faglege tyngd og tyding for bebuarar i Vestland at den har ein slik regional funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Omsynet til fagleg kvalitet og graden av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at ein institusjon eller eit tiltak har ei regional rolle. Også der det gjeld særleg smale felt, kan ein institusjon eller eit tiltak ha ein regional funksjon i kraft av eksklusivitet og særlege kvalitetar.</p> <p>Ved vurderinga av om kravet til regional tyding er oppfylt i det ein skilde høve, vil det i praksis ofte vere naturleg å sjå desse to meir grunnleggande kriteria i samanheng.</p> |
| Administrasjonen si vurdering av verknaden av tilskotet | Fylkeskommunen skal gjennom sine verkemiddel bidra til eit variert og mangfaldig kultur- og idrettsliv i heile fylket. Dei som står på Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett spelar såleis alle ei regional rolle. Det er kommunane som har ansvaret for førstelinja innan kultur- og |

| | |
|-------------------------------|---|
| | <p>idrettspolitikken. Å sikre eit mangfald av tilbod nært der folk bur og arbeider, er først og fremst kommunane si oppgåve. Fylkeskommunen skal ha oversynet og sikre at spesialiserte tilbod innan arena og aktivitetar skal vere tilgjengelege innan ein viss reiseavstand.</p> <p>Det er også ein føresetnad for tildeling av driftsstøtte over budsjett at verksemda har tilstrekkeleg kvalitet og relevans, og at tilsegnsmottakaren har føresetnader for å gjennomføre dei måla og planane som ligg til grunn. Det skal rapporterast årleg, og det skal fremmast ny søknad for kvart budsjettår, med frist 1. april.</p> <p>Det er fylkesdirektøren si vurdering at dei organisasjonar, institusjonar og tiltak som ligg i budsjettet med forslag på driftstilskot, er med på å oppfylle måla i dei to regionale kulturplanane og i anleggspolitikken.</p> |
| Ev annan relevant informasjon | <p>Fylkesdirektøren viser til dokumentet «<i>Innrøtning og retningslinjer for tilskot til drift for kunst, kultur og idrett</i>». Fylkesdirektøren si vurdering er at dei ulike løyvingane er godt forankra i forståinga av regional verdi. Dette er likevel ikkje eit statisk omgrep, og innhald i og forståing av regional verdi kan endre seg over tid. Prinsippet om å vere føreseielege tilseier at større endringar bør varslast og ev gjennomførast over tid. Fylkesdirektøren si vurdering er at ev større endringar i fylkeskommunen sin tilskotspolitikk fortrinnsvis bør komme som konsekvens av ny regional plan.</p> |